Larsen vil gjøre noe med den uheldige vektutviklingen blant unge, men helsesektoren kan ikke løse dette alene.



ANNE LISE RYEL
generalsekretær i Kreftforeningen

DEBATT

Skolen er en vesentlig arena for å fremme gode kostvaner og fysisk aktivitet blant barn og unge.

Skoledagen blir stadig lengre, og elevene har behov for mat og fysisk aktivitet for å kunne lære. Gode kostvaner og nok bevegelse virker direkte inn på elevenes læringsut- I forslaget til ny rammeplan for grunnskolelærerutdanning er læringsmål og kunnskap om fysisk aktivitet og måltidets betydning for læring totalt fraværende.

Vi står overfor en overvektsepidemi, hvert år får mange tusen mennesker alvorlige sykdommer som kreft, hjerte- og karsykdom og diabetes som kunne vært unngått. Det mest effektive for å forebygge sykdom er å unngå overvekt og ha sunne helsevaner. Gode vaner legges lettest i barne- og ungdomsårene. Med gode kostvaner, fysisk aktivitet og tobakksfrihet vil alle være bedre rustet til å ta del i arbeids- og samfunnsliv.

Mot heldagsskole

Det går mot heldagsskole. Skolen tar en større del av ansvaret for er en forutsetning for læring i alle fag. Med elever som har fått spist godt og som har fått løpt fra seg, vil lærerne enklere kunne drive med kjernevirksomheten sin, nemlig undervisning.

Skolen skal gi elevene kunnskaper og ferdigheter til å mestre eget liv. Dette innebærer også å lære elevene å ta vare på egen helse. Siden elevenes helsevaner virker direkte inn på læringsutbytte, trenger vi lærere som også kan formidle betydningen av fysisk aktivitet og riktig kosthold på en god måte. De trenger begrepsapparatet og faglig trygghet for å kunne snakke med elevene men også foreldre om atferd og helsevaner som påvirker læring. Så lenge skolematen medbringes hjemmefra, og samtidig Utdanningsmyndighetene har de siste årene innført flere tiltak som har betydning for elevenes helse i tillegg til læringsutbytte. Mer enn 40 millioner kroner er bevilget til prosjekter og forsøk med fokus på måltider og fysisk aktivitet siden 2004. Ingen skoler rapporterer om dårligere læringsmiljø eller lavere læringsutbytte etter satsing på gode måltider og fysisk aktivitet. I 2008 ble gratis skolefrukt til alle elever på. skoler med ungdomstrinn innført. I 2009 ble det satt av 76 timer fysisk aktivitet på mellomtrinnet. Det er vanskelig å se for seg en vellykket implementering av disse tiltakene uten involvering av lærerne.

Det er ingenting som tyder på at skolens ansvar for å ta vare på eleven vil bli mindre med årene. Har viktig oppgave Kunnskapsdepartementet har en viktig oppgave i å følge opp vedtatte politiske føringer, slik at skolen utvikles i retningen som myndighetene mener er til det beste for samfunnet. Det er lite som skulle tilsi at lærerne ikke skal inkluderes i satsingen på en skole som fremmer både læring og helse. Forankring i rammeplanen er helt nødvendig for å sikre at framtidens lærere har kompetanse til å legge til rette for gode helsevaner, og dermed forhindre økte sosiale forskjeller.

# Dei sloss for å slåss

**Det er mange ting ein kan slåss for. Eg personleg «slåss» gjerne for at studentane mine og folk flest skal bli meir bevisste på ulike sider ved det norske språket.**

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Hedmark

DEBATT

Eg hadde eit innlegg i HA den 12.01. om forskjellen mellom «og» og «å», og var bl.a. innom uttalen, som for begge orda kan vere «å». Dette er éi av fleire moglege årsaker til at mange har problem med å vite når dei skal bruke «og» eller «å». Ei anna side ved dette fenomenet er at forskjellen kan bli oppfatta som mindre og mindre relevant dess oftare ein ser «feil» bruk av ordformene. «Når læraren min skriv feil, er det vel ikkje så nøye om eg sjølv også skriv feil»; eller «når det står i avisa eller på nettet, må det jo vere riktig».

## Vanleg med korrektur

Tradisjonelt ser vi på skriftlege tekstar som noko som er "kvalitetssikra", i alle fall når dei står på trykk i ein eller annan offentleg samanheng. Før i tida var det vanleg at ein hadde nokon som korrekturlas alt før det kom på trykk. I dag er dette dessverre mindre vanleg. Og spesielt på Internett vil ein kunne lese litt av kvart. Eitt aspekt ved det førre innlegget mitt om «og» og «å» var at nokre skrivefeil slepp igjennom fleire ledd i eit redaktørsystem, til og med når dei førekjem i ei overskrift. Men ei anna side ved dette er nettopp det at nokre slike skrivefeil er så pass vanlege blant «folk flest» at ein ikkje reagerer på dei, sjølv om ein til vanleg er ein habil skrivar.

Grunnen til at eg tek opp dette temaet ein gong til, er at eg nettopp «snubla» over ei overskrift på MSN sine nettsider, der ein kunne lese «Du kan sloss!». Lettare indignert over stavinga klikka eg på lenka og fann ut at den same (?) journalisten der hadde skrive «Du kan slåss». Journalisten kunne altså stave ordet korrekt, i alle fall av og til. Kanskje oppfattar journalisten begge formene som korrekte, eller så har han eller ho berre blitt "avstumpa" i forhold til skriftbiletet. Ein reagerer ikkje lenger på rettskrivinga, for uttalen er jo lik uansett, det same som gjeld for forskjellen mellom «og» og «å».

Journalisten er ikkje åleine på nettet. Eit kort søk på Google gjev 8.620 oppslag for «kan sloss» og 12.000 oppslag for «kan slåss». Ein finn altså begge stavemåtane nesten like mange gonger på nettet. Ikkje rart at «folk flest» etter kvart ikkje lenger veit kva som er riktig. Men, vent litt, akkurat som med forskjellen mellom «og» og «å», finst det også her heilt klare og enkle reglar. Dersom ein ser på verbforma utan s, vil dei fleste ikkje ha problem. Det er jo rett fram: slå – slo – har slått. Forskjellen her er at det er samsvar mellom uttale og skrivemåte. Fortidsforma blir skriven med o, som også blir uttalt som o. Spørsmålet er då korfor så mange ikkje klarer å overføre dette systemet til s-forma av verbet, som ikkje skil seg på nokon annan måte enn at ein får -ss i tillegg til bøyinga/vokalendringa. (I nynorsk kan ein ha litt fleire variantar av bøyinga. Men det er underordna her.)

## Skriv som vi uttalar

Norsk er eit relativt ortofont (lydrett) språk; det tyder at vi i stor grad skriv orda slik vi uttaler dei. Men dessverre er det ikkje alltid samsvar mellom uttale og stavemåte. Det har likevel sine fordelar at vi normerer skriftspråka våre slik at det først og fremst er lagt vekt på indre samanheng mellom ulike ordformer. Og dersom det står i avisa at «språklærarane slåss/sloss for betre skriveopplæring», kan det jo vere greitt å vite om ein skal vere med og engasjere seg, eller om kampen er over allereie.

Debatt er siden for debattinnlegg, kronikker, kommentarer og analyser. Innleggene skal være på maksimalt 850 ord.
HA forbeholder seg retten til å forkorte.